

## Merknadsskjema – etter varsling av planoppstart

<b>Plannamn</b>	Detaljregulering for Børøy, Lygra - gbnr. 58/15 mfl. Lygren indre
<b>Arealplan-ID</b>	46312021008
<b>Saksnummer</b>	21/7814
<b>Utarbeida av</b>	Ard arealplan
<b>Sist revidert</b>	01.06.2023

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttales	Forslagsstillars kommentar
	<u>Private merknader:</u>		
1	Asle Lygre, Gårdsnr.:58, Bruks.nr: 27 og 28, Datert: 13.01.22	<ol style="list-style-type: none"> <li>Lurevegen 1240 og 1242 har sidan tidleg på 60-tallet hatt gangsti over 58/15. I dag går gangvegen frå fylkesvegen og vestover frå skjeringspunktet mellom vegane og den nordlege delen av planområdet. Det leggje fram at planarbeidet/tiltak ikkje endrar tilkomsten til disse eigedommane.</li> <li>Området må byggas ut skånsamt der fritidsbustader på eit plan i moderat størrelse tilpassast terrenget og ikkje omvendt. Det har ved tidlegare bygging av fritidsbustader i området blitt gitt løyve til å føretaka uttalt sprengingsarbeid som har medført skjemmande sår i terrenget og som gjer det umogleg for framtidig tilbakeføring av området.</li> <li>Ved utbygging av felles parkeringsplass er det ønskeleg at det også kan leggje til rette for parkeringsplassar for Lurevegen 1240 og 1242.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tilkomstveg vil vere frå fylkesvegen. I det vidare arbeidet skal det vurderast om ein skal opparbeide veg inn i området og fram til dei planlagde fritidsbustadene, eller om det vil bli lagt til rette for felles parkering ved fylkesvegen og så gangtilkomst fram til fritidsbustadene. Tatt delvis til følgje.</li> <li>Det har blitt strengare krav til terrenginngrep og det blir vurdert under planarbeidet som i alle planprosessar. Tatt delvis følgje.</li> <li>Parkeringsareal vil bli vurdert vidare i arbeidet. Tatt til orientering.</li> </ol>
2	Arne Aase, Gårdsnr.:58, Bruks.nr: 35 og 74, Datert: 18.01.22	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ingen merknad.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering.</li> </ol>
	<u>Høvringsinstansar:</u>		
1	Statens Vegvesen Datert: 26.01.22	<ol style="list-style-type: none"> <li>Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport. Planområdet ligg langs Fv. 5476. Ny avkøyrsløse til planområdet må planleggjast i tråd med handbok N100. Dersom det vert lagt opp til parkering ved fylkesvegen og ikkje ved den enkelte fritidsbustad, må ein sørgje for å dimensjonere parkeringsplassen inne på området tilstrekkeleg. Det må vere mogeleg å snu inne på eigedomen slik at ein unngår rygging ut i fylkesveg. Fylkesvegen er smal og er skilta med fartsgrense 80 km/t.</li> <li>I planområdet finst det ikkje tilbod til mjuke trafikantar og det manglar servicetilbod. Næraste tilboda er ca. 10 min unna med bil. Feste nærkjøp og andre aktivitetstilbod. Planområdet ligg såleis ikkje optimalt til vurdert ut frå interessene til mjuke trafikantar. ÅDT er likevel relativt låg ÅDT= 200 (2020). Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikkikkerheit og framkomst på fylkesveg skjer i dialog med Vestland fylkeskommune. Om fråvik frå vegnormalen, legg til grunn for rekkefølgekrav som sikrar trafikkikkerheit m.m. vert gjennomført i samband med den utbygginga som vert regulert.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til orientering. Sjå private merknader 1 svar 2.</li> <li>Dette vil under planarbeidet bli vurdert. Nærleik til servicetilbod er ofte eit stykke unna fritidsbustader og 10 min med bil er ikkje så langt. Mjuke trafikantar utanfor området vil vera vanskeleg å ta omsyn til. Tatt til orientering.</li> </ol>

		<p>3. Generelle krav til SVV for planarbeid vert nemnt med eventuelle konsekvensar som må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser de til Statens vegvesens handbok V744.</p>	<p>3. Vil bli tatt med gjennom planarbeidet. Tatt til orientering.</p>
2	NVE, Datert: 17.02.22	<p>1. Merknad om NVE og deira rolle, si generelle rettleiing og oppfølging av planarbeidet. Der dei vil at ein skal ta kontakt når dersom planen rører NVE si saksområdet.</p>	<p>1. Tatt til orientering.</p>
3	Vestland fylkeskommune (Infrastruktur og veg) Datert: 22.02.22	<p>1. Generelle merknader med fokus på desse tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Plassering og utforming av naudsynete tiltak knytt til fylkesvegen</li> <li>- Trafikktryggleik for alle trafikantgrupper</li> <li>- Byggjegrense langs veg</li> <li>- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen.</li> <li>- Vegtrafikkstøy</li> <li>- Tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.</li> </ul> <p>2. Særleg merknader er fylkesvegen 5476 er smal, manglar tilbod til mjuketrafikantar, fartsgrensa (80km/t) og trafikkmengda (200ÅDT). Der ein må leggje til grunn vidare utforming av veganlegg, avkøyrslar m.m.</p> <p>3. Det er ikkje køyrbar tilkomst til området i dag. Det vidare planarbeidet må vurdere korleis dette forholdet skal løysast. Det vart søkt om avkøyrslar til området like nord for planområdet, men vi har ikkje mottatt søknad om bruksløyve for dette. Vi er difor ikkje kjent med om avkøyrsla er bygd eller om dette er aktuell som tilkomst til området. Planområdet må i så fall utvidast.</p> <p>4. Byggjegrense langs veg er regulert gjennom gjeldande kommunedelplan for området jf. § 1.4, og er satt til 15 meter frå vegmidte. Dette skal leggjast til grunn for det vidare planarbeidet. Byggjegrensa gjeld alle type tiltak så om bygningsmasse, parkering, murar med meir.</p> <p>5. Plangrensa omfattar areal på begge sider av fylkesvegen. Det vil seie at heile område FB1 på nordsida av fylkesvegen vert regulert, men berre delar av FB2 på sørsida av fylkesvegen. De meiner at heile FB2 bør innlemmast i planområdet, slik at ein får ein heilskapleg vurdering og utnytting av området.</p> <p>6. Sluttord: merknaden er svart ut av Vestland fylkeskommune som samferdselsmynde. Andre avdelingar ved fylkeskommunen vil kome tilbake med utfyllande uttaler ved seinare høve. Dette har bakgrunn i sjukefråvær.</p>	<p>1. Tatt til orientering. Sjå Høyringsinstansar merknad 1 svar 3.</p> <p>2. Sjå Høyringsinstansar merknad 1 svar 2 som nemner at ÅDT er likevel relativ låg. Vidare planarbeid vil sjå på vidare utforming av veg m.m. Tatt til orientering.</p> <p>3. Søknad om bruksløyve for avkøyrslar til område like nord for planområdet er ikkje kjent for oss heller. Dette skal undersøkast og diskutert. Tatt til orientering.</p> <p>4. Tatt til orientering. Sjå Høyringsinstansar merknad 1 svar 3.</p> <p>5. Berre delar av FB2 på sørsida av fylkesvegen er tatt med fordi resten av eigedomen har høgspenlinje. Eiar av eigedomen Atle Lid ville gjerne bli med, men endringane vil bli altfor dyrt pga. høgspenlinja. Tatt til følgje.</p> <p>6. Tatt til orientering.</p>
4	Statsforvaltaren i Vestland Datert: 17.02.2022	<p>1. Fritidsbustader skal lokalisert og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk. Viser til rettleiar for «Planlegging av fritidsbebyggelse».</p> <p>2. Planområdet ligg i den indre farleia, som er rekna som eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. De vurdere det som viktig at en tar sikte på gode landskapstilpassing i planarbeidet, med vekt på få terrengingrep. Det bør gjerast ein grundig vurdering av fjernverknad av tiltaka. Køyreveg til fritidsbustad er ofte tiltak som kan gje vel så store terrengingrep som</p>	<p>1. Planarbeidet vil følgje krav til KPA for kommunen og andre statlege/regionale krav innanfor tema som kjem opp i planområdet. Tatt delvis til følgje.</p> <p>2. Sjå svar 1 ovanfor. Varslingsbrevet tar opp moglegheita for ein felles parkeringsplass ved dagens veg. Tatt delvis til følgje.</p>

		<p>sjølve fritidsbustadene. Om køyreveg krev store inngrep, bør ein heller planleggje ein felles parkeringsplass ved dagens veg.</p> <p>3. Det er uheldig at planarbeidet ikkje omfattar heile arealet for fritidsbustader satt i kommunedelplanen. Helst både FB1 og 2, men minimum FB1.</p> <p>4. De rår også til at ein held seg innafor formål for fritidsbustader og byggegrense mot sjø sett i kommunedelplanen. Sjøareala i nærleiken av planområdet er del av marin vernplane for Lurefjorden og Lindåsosane. Reguleringsplanen må vere i samsvar med forskrift for verneområdet.</p> <p>5. De minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale.</p>	<p>3. Sjå Høyringsinstansar merknad 3 svar 5. Tatt til følgje.</p> <p>4. Tatt til orientering. Sjå Høyringsinstansar merknad 1 svar 3.</p> <p>5. Tatt til orientering.</p>
--	--	---	--

